



Omsetjarane Frank Zuber (t.h.) og Günther Frauenlob sette om Lars Myrtings bok *Høi ved*, og det vart suksess både i Sveits og Tyskland. Foto: Ottar Fyllingsnes

## SKANDINAVISK

Vedboka har på tysk fått tittelen *Der Mann und das Holz*. Frå forlaget skal det ha vore meint som ein slags vink til Ernst Hemingways *Den gamle mannen og havet*.

Det to omsetjarane har spesielt sett seg på skandinavisk litteratur, og set om både frå norsk, dansk og svensk. Men dei vert ikkje feite av å berre seifa om frå norsk, og difor må dei ty til fleire språk.

Frauenlob reknar med å ha sett om mellom tretti og førti bøker frå norsk, medan Zuber har bak seg om lag tjue. Blant dei han har sett om, er Tarjei Vesaas' *Fuglane* og *Hjertets kulturhistorie*.

Sjølv om dei har gjeve mange norske bøker tysk språkdrakt, reknar dei med at det er Gabriele

Haefs, kona til Ingvar Ambjørnsen, som har sett om flest norske bøker til tysk.

Frauenlob har tidlegare for midla Lars Myrtings roman *Hestekrefter* til tyskarane, men denne gongen fann han ut at han ville dela på vedboka med Zuber. Særleg når det gjeld sakprosa, er det heilt greitt å dela på jobben, meiner dei, og det har dei gjort også tidlegare.

## INTERESSA MINKA

Dei fortel at det framleis er stor interesse for norsk krim i Tyskland, medan interessa for meir litterære titlar er mindre.

– Interessa for norsk litteratur har vore svært stor i Tyskland. For femten til tjue år sidan, då

Jostein Gaarder gav ut *Sofies verden*, var interessa kjempestor, og alle såg etter norsk litteratur, men dei siste åra har interessa minka, sjølv om Jo Nesbø opplever stort sal, fortel Frauenlob.

Dei fortel at i Tyskland tenkjer folk meir i kategorien nordisk enn betre norsk.

– Kva skandinavisk litteratur set tyskarane høgst?

– Når det gjeld krim, kjem svensk litteratur på førsteplass, norsk på andre og dansk på tredje, er dei samde om.

## ANTI-URBANISME

NRK-journalist Marra Norheim hevda nyleg at det knapt har kome ut ei norsk bok i Tyskland med urbant omslag.

– Stemmer det?

Dei to omsetjarane har begge fått med seg påstanden, og ler godt, før Zuber gjev Norheim rett.

– Minst 75 prosent av dei skandinaviske bøkene som kjem ut i Tyskland, har raude hus på omslaget, seier Frauenlob.

– Kanskje er det å gå litt langt, seier Frauenlob.

– Lat oss seia 65 prosent, rettar Zuber det til.

Til og med på Jo Nesbøs bøker kan ein merka litt av dette.

– Når bøkene hans har kome ut i mange nok opplag, så dukkar det kanskje til slutt opp eit raudt hus på omslaget på dei også, sjølv om det ikkje har noko med innhaldet i boka å gjera.

– Tyske Harry Hole-bøker får ikkje urbant omslag?

– Nei, det byrja med *Flaggermusmannen*, som hadde ei flaggermus på omslaget. Sidan har det vore dyr på alle Nesbø-bøkene, og tanken var nok at dei skulle formidla gjenkjenning, seier Frauenlob.

Den siste skjønnlitterære boka Zuber har sett om, er Britt Bildøens *Adam Hjorts veg*, og forleggeren ville ha eit bilete frå vakre Lofoten på framsida. Men handlinga i boka går før seg i Telemark, og til slutt enda det med eit bilete derifrå.

– Det verkar som det er ein trend i Noreg at litteraturen vender tilbake til landsbygda, men den trenden har ikkje nådd Tyskland, konstaterer Frank Zuber.